



Saksbehandlar, innvalstelefon

Eirik Brynjelsen, 5557 2170  
Åshild Hjørnevik Vatshelle  
Oddgeir Aardal

## Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming

Vi viser til brev datert 23.03.2022 frå landbruks- og matministeren og kommunal- og distriktsministeren til kommunane og fylkeskommunane «Ta vare på matjorda» (LMD 20/638-14) og oppdatert jordvernstrategi i Prop. 200 S (2020-2021) av 21.05.21, med m.a. nytt jordvernmål for 2025.

Brevet frå dei to statsrådene peikar særleg på det nye jordvernmålet (maksimalt 3.000 dekar omdisponert årleg innan 2025) og samanhengen mellom jord- og matvaretryggleik med referanse til FN's klimapanel. Vidare peika statsrådene på trong for 1.000.000 daa nytt jordbruksareal innan 2050, at samferdsleformål forbruker langt mest dyrka jord (1.700 daa/år) og at kommunane må føre ein streng jordvernpolitikk i arealforvaltninga med effektiv arealbruk gjennom fortetting og gjenbruk av areal.

### Det nasjonale jordvernet er summen av kommunane sine prioriteringar

Stortinget vedtok i 2015 nasjonalt jordvernmål på maksimalt 4.000 daa omdisponert årleg innan 2020, og seinka altså dette i fjor til maksimalt 3.000 omdisponert årleg innan 2025. Avgjerda om omdisponering i plan og sakshandsaming ligg i hovudsak hjå kommunane. Altså blir summen av kommunane sine avgjerder det nasjonale resultatet. Samstundes er det å «stille areal til rådvelde» noko av det viktigaste kommunar og lokalpolitikarar gjer i nærings- og samfunnsutviklinga. Dette er eit dilemma kommunane og politikarane må ha høg merksemd på.

Ofte blir jordvernet ei politisk hensikt eller ønske i kommuneplanen, utan at det ligg føre mål eller verktøy til å sikre dette i arealdel og i sakshandsaming. Då blir jordvernet i praksis redusert til eit spørsmål om å vege samfunnsinteresser mot kvarandre i enkeltsaker. Men styrkt plankompetanse og nye verktøy gir no kommunane høve til å systematisere jordvernarbeidet i planprosessar og sakshandsaming.

### Noreg nådde faktisk jordvernmålet for 2020 – men ikkje Vestland

Samla sett nådde Noreg jordvernmålet for 2020, men i Vestland hadde me framleis eit «overforbruk» på 25 %, eller 91 dekar, i høvet til «vår del» på 364 daa/år. Rett nok er ikkje regionale og lokale jordvernmål ein automatisk brøk av det nasjonale, men tala i tabellen under viser likevel regionen og kommunane sin del av ansvaret for fellesverdien av matjorda.



Mange kommunar gjorde ein god jobb i førre jordvernperiode 2015-2019: Alver og Kvinnherad utmerka seg, men også Stryn, Stord, Kvam og Bjørnafjorden er verdt å nemne. Faktisk var det berre ni av 43 kommunar med systematisk overforbruk; Bergen, Øygarden, Kinn, Askøy, Sveio, Osterøy, Luster, Vik og Sogndal. Heile 75 % av omdisponeringa av jordbruksareal i fylket skjedde i desse ni kommunane, men også her kan det vere gode grunnar til at dei måtte omdisponere relativt mykje jordbruksareal.

## **Vestland sin del av nytt jordvernmål; maksimum 274 dekar omdisponert årleg innan 2025**

Tabellen under viser at 25 av kommunane i Vestland var innanfor «sin del» av det nasjonale jordvernmålet. Samstundes er dette noko misvisande, all den tid store press- og samferdslekommunar vil trengje meir enn sin relative del av omdisponeringsforbruket for å sikre rom for framtidig samfunnsutvikling. Då vert det mindre til andre kommunar. Det skal framleis vere rom for alle kommunar å utvikle både små og store lokalsamfunn, men dette må i minst mogleg grad føre til nedbygging av dyrka jord.

Tal frå Kostra viser at om lag 70 % av omdisponert jordbruksareal i førre jordvernperiode vart brukt til bruksområde som kommunen rår over; med bustad (38 %) på topp. Samferdsle var det nest største føremålet, med drygt 23 %. I tillegg til omdisponering etter plan- og bygningslova, vart ytterlegare rundt 100 daa jordbruksareal omdisponert i medhald av jordlova, for å dekke landbruket sitt eige behov til driftsbygningar, vegar, våningshus mm. Dette er opptil dobbelt så høgt som andre fylke, og kan tyde på at vurderinga av driftsnytte er liberal i kommunane i Vestland.

Vi oppmodar difor kommunane om å implementere meir systematiske arbeidsmetodar i jordvernet, som vist under.

## **Så kva kan kommunane gjere?**

Det er kommunane som har ansvar for arealforvaltninga lokalt og dimed også for tapet av jordbruksareal. Men kommunane har ei monaleg verktøykasse dei kan ta i bruk.

### **1. Kommunal jordvernstrategi, kommunalt jordvernmål**

Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD) oppmodar kommunane til å søke om midlar til å lage kommunal jordvernstrategi med frist 30.06.22, jfr. utlysing <https://www.landbruksdirektoratet.no/nb/forvaltning/fagomrader/eiendom/jordvern/jordvern-i-kommunal-og-regional-planlegging/>.

Lokale jordvernstrategiar aukar kunnskapen om jordbruksareala og verdien deira. Det er ein reiskap til å tenkje langsiktig og skape føreseielege rammer for utbygging og jordbruksdrift.

Ein kommunal jordvernstrategi vil ikkje vere juridisk bindande, men setje grenser for arealplanlegging, byggesakshandsaming og landbruksforvaltning. Ein jordvernstrategi bør:

- fastsetje ambisjonar for jordvern, m.a. eit mål, gjerne nullvisjon, for maksimal årleg omdisponering av jordbruksareal
- vise status og utviklingstrekk, og vidare viktige utfordringar i det kommunale jordvernarbeidet



- vise korleis kommunen skal styrke jordvernet: fortettingsanalysar, jordbruksareal ute av drift, nedbygging gjort av landbruket, tilbakeføring av LNF-areal tidlegare sett av til utbyggingsformål mm.

## 2. Jordvern i arealstrategi og arealrekneskap i kommuneplanen

Helst burde kommunane ta arbeidet lengre, ved å inkludere jordvernet i eit systematisk arbeid med arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), slik dei burde gjere det for all samfunnsutvikling. Arealstrategien i KPS er ofte svært lite konkret, men kan og bør baserast på ein arealrekneskap og utviklast til eit konkret grunnlag for rullering av kommuneplanen sin arealdel (KPA). Vi tilrår ei systematisk tilnærming til arealstrategi i KPS (ev før KPA), som best skildra i ny rettleiar frå Rogaland, tilpassa både tett- og spreiddbygde område [https://www.rogfk.no/f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder\\_arealstrategi-og-jordvernmål\\_regaland-fylkeskommune\\_november-2021.pdf](https://www.rogfk.no/f/p1/ief26158e-dd93-4f7a-b35e-2e1c2e0f1997/veileder_arealstrategi-og-jordvernmål_regaland-fylkeskommune_november-2021.pdf)

Stor vekt på gjenbruk av areal, transformasjon og høg arealutnytting minskar trongen for nytt areal til utbygging. Kommunen kan i kommuneplanane leggje tydelege reglar og retningslinjer for bruk av dyrka jord til spreidd utbygging, fritidsbustader og jordbruket sin eigen byggeverksemd. Dette vil gjere arealbruken føreseieleg både for utbyggjar, grunneigar og kommunen. Dermed slepp ein mange omkampar i form av dispensasjonar. Dispensasjonar, enten det er frå kommunale planar eller regelverk, skal vere unntaket og berre brukast i særskilte tilfelle.

## 3. Vurdere synergieffektar mellom utbygging, massedeponi og nytt/betra jordbruksareal

Departementa peikar på nydyrking som viktig for å oppretthalde og utvide jordbruksareala og auke jordbruksproduksjonen. Mellom anna kan oversikt over dyrkbar mark og moglege prosjekt inngå i prosjekt for kommunale jordvernstrategiar. Statsforvaltaren vil minne om moglegheitene i å nytte reine og naturlege jord- og overskotsmassar frå veg- og byggeprosjekt til utbetring og nydyrking i landbruket. Vegprosjekt står for ein firedel av omdisponeringa av jordbruksareal, og krev uansett flytting og deponering av stein- og jordmassar. Godt planlagt kan prosjekt for nytting av slike massar til jordbruksføremål både redusere deponibehov, gjere veg- og byggeprosjekt arealnøytrale og gjere tungdrive jordbruksareal meir interessant for moderne drift.

Metodikk og rådgjeving finst som «hyllevare» m.a. hjå Norsk Landbruksrådgiving Vest (<https://vest.nlr.no/fagartikler/jord/vest/jordmasser-fra-problem-til-ressurs>), noko dei vann Nasjonal jordvernpris for i 2021, saman med kommunane Alver og Austrheim.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

Christian Rekkedal  
landbruksdirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Tab. 1. Omdisponering av jordbruksareal i kommunar i Vestland

Oransje er kommunar med «overforbruk» i høve til relativ del av nasjonalt jordvernmål 2020.

Grønt er kommunar «innanfor» relativ del av nytt jordvernmål 2025

Kommunenr og namn	Jordbruksareal daa (AR5)	Del av nytt jordvernmål 2025, daa/år	Del av jordvernmål 2020, daa/år	Omdisponert/år, SSB Kostra								Resultat 2015-2019 (4.000 daa)		
				2015 daa	2016 daa	2017 daa	2018 daa	2019 daa	2020 daa	2021 føreb.	Snitt omdisp. 2015-2019, daa/år	Over-/ underforbruk daa/år	Over-/ underforbruk %	
4601 Bergen	31 097	8	11	183	38	29	22	7	57	114	55,8	45	410 %	
4626 Øygarden	15 937	4	6	12	14	4	52	130	..	52	42,4	37	656 %	
4602 Kinn	30 151	8	11	52	47	40	5	..	..	15	36,0	25	239 %	
4627 Askøy	5 624	1	2	10	4	52	27	0	4	2	18,6	17	840 %	
4612 Sveio	30 062	8	11	2	29	2	5	94	0	17	26,4	16	150 %	
4630 Osterøy	27 174	7	10	2	7	104	2	9	6	9	24,8	15	159 %	
4644 Luster	43 610	12	15	16	2	27	65	39	5	5	29,8	14	94 %	
4639 Vik	24 151	6	8	6	30	46	20	0	6	2	20,4	12	140 %	
4640 Sogndal	36 708	10	13	24	4	1	5	55	3	44	17,8	5	38 %	
4625 Austevoll	5 803	2	2	0	22	0	2	3	14	2	5,4	3	165 %	
4647 Sunnfjord	103 305	27	36	58	27	12	..	58	35	18	38,8	2	7 %	
4613 Bømlo	16 749	4	6	1	5	7	17	10	20	2	8,0	2	36 %	
4628 Vaksdal	9 174	2	3	1	1	22	2	0	..	2	5,2	2	61 %	
4611 Etne	30 609	8	11	22	5	4	29	2	..	0	12,4	2	15 %	
4634 Masfjorden	9 036	2	3	22	1	0	0	0	..	2	4,6	1	45 %	
4635 Gulen	24 768	7	9	38	3	4	1	0	..	0	9,2	0	6 %	
4638 Høyanger	15 953	4	6	1	5	4	13	5	2	1	5,6	0	0 %	
4633 Fedje	711	0	0	0	0	0	0	0	1	0	0,0	0	-100 %	
4643 Årdal	2 452	1	1	0	0	0	0	0	..	1	0,0	-1	-100 %	
4623 Samnanger	5 384	1	2	0	1	3	1	0	9	0	1,0	-1	-47 %	
4629 Modalen	2 666	1	1	0	0	0	0	0	..	0	0,0	-1	-100 %	
4620 Ulvik	7 334	2	3	0	4	0	3	0	1	0	1,4	-1	-46 %	
4646 Fjaler	22 792	6	8	3	3	1	1	26	1	6	6,8	-1	-15 %	
4619 Eidfjord	4 080	1	1	0	..	0	..	0	0	0	0,0	-1	-100 %	
4641 Aurland	10 582	3	4	0	10	1	0	0	..	0	2,2	-2	-41 %	
4636 Solund	5 424	1	2	0	0	0	0	0	..	0	0,0	-2	-100 %	
4632 Austrheim	7 786	2	3	3	1	0	0	0	0	0	0,8	-2	-71 %	
4648 Bremanger	16 988	4	6	1	5	3	9	2	0	4	4,0	-2	-33 %	
4615 Fitjar	9 026	2	3	0	4	0	1	0	4	0	1,0	-2	-69 %	
4614 Stord	8 239	2	3	0	0	0	2	0	..	0	0,4	-2	-86 %	
4649 Stad	44 599	12	16	7	14	34	4	4	29	8	12,6	-3	-20 %	
4621 Voss	65 021	17	23	14	12	8	41	23	13	3	19,6	-3	-14 %	
4645 Askvoll	24 892	7	9	2	2	9	8	4	17	0	5,0	-4	-43 %	
4616 Tysnes	13 958	4	5	0	1	2	0	0	1	2	0,6	-4	-88 %	
4637 Hyllestad	14 982	4	5	0	3	1	0	0	..	0	0,8	-4	-85 %	
4618 Ullensvang	27 776	7	10	0	3	1	22	0	0	2	5,2	-5	-47 %	
4642 Lærdal	15 267	4	5	0	1	1	0	0	1	2	0,4	-5	-93 %	
4622 Kvam	24 912	7	9	0	3	3	0	5	24	1	2,2	-7	-75 %	
4624 Bjørnafjorden	27 849	7	10	0	1	4	5	2	24	7	2,4	-7	-76 %	
4651 Stryn	39 812	11	14	6	4	2	3	11	19	6	5,2	-9	-63 %	
4650 Gloppen	40 046	11	14	4	5	3	2	11	..	0	5,0	-9	-65 %	
4617 Kvinnherad	45 718	12	16	5	3	8	2	2	2	4	4,0	-12	-75 %	
4631 Alver	87 672	23	31	4	27	17	5	14	16	12	13,4	-17	-57 %	
<b>Vestland, sum</b>	<b>1 035 879</b>	<b>274</b>	<b>364</b>	<b>499</b>	<b>351</b>	<b>459</b>	<b>376</b>	<b>516</b>	<b>314</b>	<b>345</b>	<b>455,2</b>	<b>91</b>	<b>25 %</b>	



## Mottakarliste:

Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Luster kommune	Postboks 77	6866	GAUPNE
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Bjørnafjorden kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOSEN
Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUND
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Kinn kommune	postboks 294	6701	MÅLØY
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Voss herad	Postboks 145	5701	VOSS
Årdal kommune	Statsråd Evensensveg 4	6885	ÅRDALSTANGEN
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Ullensvang kommune	Opheimsgt. 31	5750	ODDA
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Sunnfjord kommune	Postboks 338	6802	FØRDE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Stad kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDEID
Alver kommune	Postboks 4	5906	FREKHAUG